

## 600 for å fiska heile sesongen 21.03.2011



Ivar Kåre Døssland med laksen på 8,9 kilo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det kostar framleis 600 kroner å fiska i Uskedalselva heile sesongen.**

**Det vart presisert under årsmøtet i elveigarlaget og vi gjer det påny no, i samband med oppdateringa av opplysningar her på sida..**

**Dei finn ein ved å gå inn på lag og foreningar til venstre. .**

**Fiskesesongen startar 15. juni som i tidlegare år. Fjoråret hadde 2 veker seinare start, men ein finn ingen god grunn for å gjenta det.**

I fjor var kortprisane attgjeve slik her at dei kunne misforståast - slik at kortprisen var 1100 kroner og at depositum på 500 kom i tillegg, Men dei 500 får ein sjølv sagt att.

Prisen for døgnkort er framleis berre 150 kroner og depositumet her er 100 kroner. Med andre ord er kortprisane uendra frå i fjor og laget håpar på ein auke i kortsalet. Det skjer no berre på SPAR og Rabben Feriesenter etterat kiosken på Auto 88 vart nedlagd.

Det kan ikkje presiserast ofte nok at fiskekortet ikkje er gyldig hvis det ikkje er betalt fisketrygdavgift. Ein annan viktig opplysning er at ikkje berre dei offisielle kontrollørane men også alle med gyldig fiskekort kan kontrollera. Har ein ikkje kort, kostar det 1.000 kronar ekstra! Og så er det viktig for det vidare arbeidet for fisket i elva at alle fiskarane fyller ut fangstrapport snarast mogeleg etter sesongslutt.. Utan den blir ikkje deptsitumet betalt attende.

Og så er det herre å håpa på ein god fiskesesong. I fjor vart resultatet overraskande bra utifrå vertilhøva, med ein samla fangst på 385 kilo medan det vart fanga over 500 kilo året før.

Ivar Kåre Døssland sette årsrekorden med ein laks på 8,9 kilo.

Av Ola Matti Mathisen